



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

18 AUG 2015

Hordaland fylkeskommune
v/samferdselsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/099518-001

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.08.2015

Fv.550 -Omklassifisering av veg på Aga i Ullensvang herad

Etter forvaltningsreforma i 2010 fekk rv. 550 status som fv. 550.

Det vart starta omklasseringssak i 2007, etter at Statens vegvesen hadde bygd ny vegparsell i tunnel forbi Aga (den gang rv.550), frå Syreflot til nytt kryss nord for Aga, lengde 1800m. I samband med reguleringsplanen, vart det lagt inn at den gamle vegtraseen gjennom Aga skulle gå inn som del av det kommunale vegnettet. Det har heile tida vore ein føresetnad at den gamle vegstrekninga gjennom Aga skulle omklassifiserast til kommunal veg når ny veg vart teken i bruk, jf planskildring til reguleringsplanen for Agaparsellen der det står følgjande:

«
Planen legg opp til å skilje lokaltrafikken frå fjerntrafikken. Såleis vil riksveg verta omgjort til lokalveg frå Syreflot til forbi Agatunet.

«

Den gamle vegtraseen gjennom Aga er på ca. 1530 m og har nå status som FT 550, dvs. mellombels status (T=temorary).

Det er ynskje nå at denne saka vert teken opp att og at vegen vert omklassifisert til kommunal veg.

Omklassifiseringssaka vart oversend til Ullensvang herad til uttale i samsvar med veglova §7. 2.ledd.

«

Ullensvang herad handsama saka i heradstyre i møte 10.12.2007, sak 120/07 og gjort følgjande vedtak:

«

1. Heradstyret rår til at vegstrekkinga på Aga vert endra frå riksveg 550 til fylkesveg.

«

Dette var då den tida då 550 var riksveg og som nå er fylkesveg.

Ein kan ikkje sjå at det er grunnlag for å opprette to parallelle fylkesvegar på denne strekkja. Den gamle vegen sin funksjon etter omlegginga er av lokal karakter og vil ikkje på nokon måte stetta krav til fylkesveg.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:



Før overtaking av heradet vil det verta føreteke vurderingar i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

Tilråding med fylgjande forslag til statusendring:

- Fylkesveg (FT) 550, Hp 50 , km ca. 0,000 – ca 1,530 mellom kryss ved Syreflot i sør til nytt kryss i vest (Raudsalen) – lengde ca. 1530 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg og for gåande og syklande.
- Før endelig vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Ullensvang herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

Statens vegvesen - Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Olav Finne

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Per Steinar Nedkvitne

Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Ullensvang herad, Heradshuset, 5780 KINSARVIK
Vegseksjonen v/Lars Øyre